



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

# Sluttrapport frå forvaltningskontroll i Forsand kommune 20. mai 2014

---

**Tema for kontrollen:**

Produksjonstilskot, tilskot til avløyning ved sjukdom og regionalt miljøtilskot (RMP)

Vår referanse: 2014/5509

---

## Innhald

1. Samandrag.....	3
2. Innleiing.....	4
3. Bakgrunn for kontrollen.....	4
4. Heimel for kontrollen.....	4
5. Opplysningar om gjennomført kontroll .....	5
5.1. Faktaopplysningar om sjølve kontrollen.....	5
5.2. Møter, intervju og dokumentgjennomgang.....	5
5.3. Tema for forvaltningskontrollen .....	6
6. Funn .....	6
6.1. Definisjonar.....	6
6.2. Delegasjonsreglement.....	7
6.3. Tema 1 - Sakshandsamingsrutinar - avløysing ved sjukdom mv. ....	7
6.3. Tema 2 - Sakshandsamingsrutinar generelt inkl. RMP og PT .....	8
6.4. Tema 3 - Risikovurderingar ved føretakskontroll .....	10
6.5. Tema 4 - Driftsfellesskap .....	11
6.6. Tema 5 - Beitetilskot.....	12
6.7. Tema 6 - Reaksjonar ved avvik.....	12
6.8. Generelt.....	13
7. Oppfølging etter kontrollen .....	13

## 1. Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland var på forvaltningskontroll i Forsand kommune 20.05.2014. Hovudtema for forvaltningskontrollen var kommunen si handsaming av ordninga med produksjonstilskot og avløysing ved sjukdom. Vi gjekk også kort inn på forvaltning av regionalt miljøtilskot, RMP.

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik og merknader:

### Avvik:

- **Avvik 1:** Det manglar dokumentasjon på næringsinntekt i saker der det er løyvd tilskot til avløysing ved sjukdom mv.
- **Avvik 2:** Det er løyvd tilskot til RMP til føretak som ligg utanfor området definert av Fylkesmannen.

### Merknader:

- **Merknad 1:** Kommunen har ikkje utarbeidd skriftlege vurderingar i dei sakene der det er vurdert mogleg driftsfellesskap.

I rapporten blir gjennomføring av sjølve kontrollen og nærare beskriving av avvik og merknader gjennomgått.

## 2. Innleiing

Vi viser til varsel om kontroll pr. e-post 11. april 2014, og påfølgjande gjennomføring av kontroll 20. mai 2014. Tema for kontrollen var kommunen si forvaltning av produksjons-tilskotsordninga og tilskot til avløyising under sjukdom m.m. Det blei under kontrollen også stilt spørsmål om rutinar kring forvaltning av regionalt miljøprogram (RMP). Denne sluttrapporten gir utfyllande opplysningar til dei funna som blei gjennomgått på kontrollen. I tillegg kjem eventuelle opplysningar om sjølve kontrollen.

Fylkesmannen sendte ut ein sluttrapport 19. desember 2014. Forsand kommune reagerte på dette fordi det under kontrollen blei sagt at det først skulle sendast ut ein førebels rapport. Fylkesmannen ga tilbakemelding pr. e-post 6. januar at rapporten som blei sendt ut i desember er å sjå på som ein førebels rapport.

## 3. Bakgrunn for kontrollen

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen (FM) fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innan landbruksområdet. FM har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk. FM sin kontroll av Forsand kommune inngår i dette arbeidet.

Hovudtema for forvaltningskontrollen i Forsand kommune var kommunen si forvaltning av ordninga med produksjonstilskot i jordbruket (PT) og avløyising ved sjukdom m.m. Under kontrollen blei det og drøfta kommunen si handtering av søknader til RMP.

Føremålet var å kontrollere kommunen sin etterleving av forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15 og særlovgivinga for tilskotsområda (forskrifter heimla i jordlova). FM ønskjer å kartleggje om kommunen har ei forsvarleg forvaltning av nemnte ordningar, og om kommunen si forvaltning skjer i tråd med gjeldande regelverk.

## 4. Heimel for kontrollen

Heimelsgrunnlaget for forvaltningskontrollen er forskrift av 12. desember 2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten § 15 *Kontroll av underliggende virksomheter og andre som utøver forvaltningsmyndighet samt tilskuddsmottakere*. Her står det i § 15 første ledd at:

*”Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14.*

Regelverket for økonomistyring i staten skal sikre ei effektiv styring og utnytting av statlege midlar og ei god mål- og resultatoppnåing.

Ordningane som blei gjennomgått under forvaltningskontrollen er omfatta av følgjande regelverk:

- Forskrift 22.03.2002 nr. 283 om produksjonstilskudd i jordbruket
- Forskrift 08.11.2006 nr. 1227 om tilskot til avløyising
- Forskrift 06.07.2013 nr. 604 om tilskot til miljøtiltak i jordbruket, Rogaland

- Teknisk jordbruksavtale 2012-2013 og Jordbruksavtalen 2013-2014
- Rundskriv 2014-10 frå Statens landbruksforvaltning (SLF)
- Rundskriv 28/13 og 13/1-2 frå Statens landbruksforvaltning (SLF)
- Rundskriv 12/2014 frå Statens landbruksforvaltning (SLF)
- Rundskriv 2013/8 frå Statens landbruksforvaltning (SLF)
- Rettleiingshefte for Tilskotsordningar i Regionalt miljøprogram for Rogaland 2013-2016

## 5. Opplysningar om gjennomført kontroll

### 5.1. Faktaopplysningar om sjølve kontrollen

Dato for kontroll: 20.05.2014	Journalnummer: 2014/5509
Dato for førre kontroll: 24.08.2010	Journalnummer: 2010/7091

#### Kontrollert verksemd

Kommune: Forsand	E-post : post@forsand.kommune.no
Besøksadresse: Kommunehuset, 4110 Forsand	Telefon: 51 70 00 00

#### Til stades frå kommunen

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Svein Kjetil Rønnevik	ansvarleg landbruk og miljø	x	x	x
Johanne Thu	saksbehandlar	x	x	x
Årstein Løland	seksjonsleiar teknisk	x	x	x

#### Til stades frå FM

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Ragnhild Hole	kontrolleiar	x	x	x
Hadle Nevøy	landbruksdirektør	x	x	x
Maja Stanojevic	førstekonsulent	x	x	x
Sissel Endresen	seniorrådgivar	x	x	x

### 5.2. Møter, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der landbruksdirektør Hadle Nevøy informerte om bakgrunnen for kontrollen. Han la vekt på den viktige rolla som kommunane har i gjennomføring av landbrukspolitikken, og at kommunane si behandling av sentrale verkemiddel har mykje å seie for tilslutninga til politikken og verkemiddelbruken.

Deretter blei det gjennomført intervju om dei ulike tema. Ragnhild Hole leia sjølve kontrollen med intervju, Maja Stanojevic var medkontrollør for ordninga med tilskot til sjukdoms-avløysing, medan Sissel C. Endresen var medkontrollør og skrivar. For nokre av tema blei intervju supplert med spørsmål knytt til søknader frå føretak. Funn blei gjennomgått på sluttmøtet.

### 5.3. Tema for forvaltningskontrollen

Tabellen under viser kva tema som blei gjennomgått under kontrollen.

Nr.	Tema	Ønskjer svar på
1	Sakshandsamingsrutinar for tilskot til avløysing ved sjukdom mv.	Kva rutinar har kommunen for handsaming av innkomne søknader om avløysartilskot under sjukdom?
2	Sakshandsamingsrutinar generelt og produksjons-tilskot spesielt	Kva rutinar har kommunen for handsaming av innkomne søknader?
3	Risikovurderingar - PT	Kva risikovurderingar gjer kommunen når dei plukkar ut føretak til stikkprøvekontroll? Vi ber om dokumentasjon på at kommunen har utarbeidd eit system for utplukk.
4	Driftsfellesskap/disponering av dyr	Kva rutinar har kommunen for å kontrollere at det er/ikkje er driftsfellesskap? Kva vurderingar av driftsfellesskap gjer kommunen i tilfelle der fleire søkjer produksjonstilskot på same landbrukseigedom?
5	Beitetilskot	Kva undersøkingar gjer kommunen når det er misforhold mellom areal og dyretal ved søknad om beitetilskot?
6	Reaksjonar ved avvik	Kva reaksjonar har kommunen ved funn av feil i søknad eller regelverksbrot?

## 6. Funn

I dette kapitelet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema. Eventuelle avvik og merknader som blei avdekka vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

### 6.1. Definisjonar

Funn blir delt opp i merknadar og avvik. Definisjonen på desse to er:

- **Avvik:** Mangel på oppfyljing av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **Merknad:** Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er naudsynt å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

## 6.2. Delegasjonsreglement

Innleiingsvis blei kommunen spurt om delegasjonsreglementet. Alt ansvar er delegert til teknisk sjef. Det er ikkje delegert vidare ned. Prinsippsaker går til driftsutvalet som er det utvalet som behandlar plansaker. Dispensasjonar og klagesaker går også til driftsutvalet. Elles blir alle saker behandla administrativt.

## 6.3. Tema 1 – Sakshandsamingsrutinar - avløyising ved sjukdom mv.

### Om regelverket:

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader og gjere vedtak om tilskot til avløyising ved sjukdom mv. jf. § 13 i forskrift for tilskot til avløyising. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava i regelverket for tilskotsutbetaling, er det viktig med gode og oversiktlege sakshandsamingsrutinar for innkomne søknader. Rundskriv 2014-10 frå SLF gir retningslinjer for behandling av søknader om tilskot til avløyising ved sjukdom mv.

### Kommunen sin praksis

Søknadene blir registrert og stempla når dei kjem til kommunen. Kommunen går gjennom søknaden for å sjå til at den er underskriven og rett utfylt og at alle vedlegg er lagt ved. Dei sjekkar kor lang sjukemeldingsperioden er. Kommunen har nyleg endra rutinar og skriv no vedtak som blir sendt bonden med kopi til FM for utbetaling. Nokre saker ligg lenge fordi kommunen ventar på å få inn nye opplysningar og/eller dokumentasjon.

Kommunen fekk spørsmål om korleis dei kontrollerer næringsinntekt. Det er eit krav om at søkjaren må ha næringsinntekt på minst ½ G frå jordbruk/gartneri for å få tilskot. Kommunen kontrollerer ikkje næringsinntekt. Kommunen krev berre utskrift frå likning når det blir søkt om dispensasjon.

Når søkjaren har vore sjukmeldt lengre enn 16 dagar sjekkar kommunen med NAV om dei har rett på sjukepengar samt om dei søker sjukepengar frå NAV.

Ved kontroll av enkeltsaker blei totalt 9 saker kontrollerte. Av desse mangla det dokumentasjon på næringsinntekt i 7 saker, dei andre 2 sakene gjaldt dispensasjonssaker der det var søkt om dispensasjon frå krav til næringsinntekt.

Vidare fann vi to saker der det mangla annan dokumentasjon. I den eine saken mangla sjukemelding, og der meinte kommunen at det var levert sjukmelding, men at den av ein eller annan grunn ikkje låg i sakspapira no. I den andre saken mangla dokumentasjon på sjukt barn. Dette gjeld eit barn med varig handikap, og kommunen meinte dei ikkje kan krevje dokumentasjon kvart år. FM opplyste at kommunen i slike saker må ta kopi av tidlegere dokumentasjon og leggje ved saken.

### Fylkesmannen si vurdering

Jf. forskrift om tilskot til avløyising § 6 og rundskriv 2014-10 frå Statens landbruksforvaltning er det eit krav om næringsinntekt frå føretaket. Fylkesmannen meiner at det må liggje føre dokumentasjon på næringsinntekt før kommunen kan fatte vedtak i saker om avløyising ved sjukdom m.v.

Avvik:

På bakgrunn av vurderingane har vi følgjande avvik:

- Avvik 1: Det manglar dokumentasjon på næringsinntekt i saker der det er løyvd tilskot til avløyising ved sjukdom mv.

### **6.3. Tema 2 – Sakshandsamingsrutinar generelt inkl. RMP og PT**

Innleiingsvis blei det stilt spørsmål om kommunen si handtering av søknader om tilskot etter regionalt miljøprogram (RMP). Deretter blei det stilt spørsmål om rutinane ved handsaming av søknader om produksjonstilskot (PT).

#### Om regelverket:

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om produksjonstilskot, jf. PT-forskrifta § 10 første ledd og for å fatte vedtak etter RMP-forskrifta jf. § 27. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege sakshandsamingsrutinar for innkomne søknader.

#### **Regionalt miljøprogram**

##### Kommunen sin praksis

Kommunen opplyste at fjoråret (2013) var eit spesielt år fordi søknadene måtte registrerast i nytt saksbehandlarsystem. Kommunen måtte hjelpe nesten alle søkjarane. Saksbehandlarane diskuterer internt, og reiser ut dersom dei er i tvil. Dei har starta arbeidet med å laga ein skriftleg rutinebeskriving av korleis kommunen skal behandle RMP-søknadene. Denne er tenkt brukt som ei huskeliste, men er ikkje ferdig ennå.

Kommunen har oppdaga at det tidlegare feilaktig har blitt gitt tilskot til ugjødsla randsoner på innmarksbeite. Kommunen har retta opp i denne praksisen, og har ikkje godkjend tilskot i 2013 til ugjødsla randsoner på innmarksbeite. Det er ikkje vurdert avkorting i dei sakene der det feilaktig er gitt tilskot. Grunngevinga for ikkje å vurdere avkorting er at kommunen tidlegare har godkjend denne praksisen.

Kommunen har funne avvik i tidlegare søknader der kommunen har løyvd tilskot til beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap - Øyer/ holmar/veglause område kalla «Lysefjord-tillegget». Det er mellom anna gitt tilskot til beiting i Fossmark og Eiane. Kommunen har invitert FM til å komme ut på synfaring. FM kunne ikkje vere med på synfaring i den perioden kommunen saksbehandla søknadene. Inntil vidare held kommunen fram med den praksisen som har vore tidlegare med å løyve tilskot i område der det er tvil om dei er omfatta av RMP.

##### Fylkesmannen si vurdering

#### **Avkorting ved feilopplysningar**

Kommunen har ikkje vurdert avkorting i saker der søkjar har gitt feilaktige opplysningar som kunne ha ført til urett utbetaling av tilskot. Årsaka er at kommunen tidlegare har godkjend slike søknader. Heimel for tilbakehald og avkorting ved feilopplysningar følgjer av § 30 i RMP- forskrifta, og er knytt til om dei feilaktige opplysningane er gitt aktaust eller forsettlege. Det var i 2013 ikkje gitt utdypane retningslinjer i tilhørande rundskriv. 2013 var eit år der mykje var nytt i RMP, og det var stor forvirring blant søkjarane. Søkjarane søkte om



tilskot til tiltak som gjentatte år var blitt godkjend av kommunen. Det er difor grunnlag får å vurdere at søkjarane var i god tru. I lys av dette har FM ingenting å utsetje på kommunen sin praksis i desse tilfella. Vi vil likevel framheve at søkjarane har eit sjølvstendig ansvar for å setje seg inn i tilhørande regelverk, og at kommunen bør vurdere avkorting i saker med klare feilopplysningar.

### **Tilskot utanfor virkeområde for Lysefjordtillegget**

Under kontrollen kom det fram at kommunen tidlegare har godkjend tilskot til «Lysefjordtillegget» i område som ikkje er definert i ordninga. Kommunen opplyste at dei vil halde fram med praksisen.

Det kan gjevast tilskot til slått av jordbruksareal og beite av jordbruksareal i «*særskilt definerte område fastsett av Fylkesmannen*», jf. forskrift om tilskot til miljøtiltak i jordbruket i Rogaland §§ 4 og 5. I rettleiingsheftet til forskrifta er det namngitt dei områda som er fastsett i Lysefjorden. Kommunen har ikkje høve til å gi tilskot til skjøtsel av andre område enn dei som er fastsett i rettleiingsheftet. Kommunen sin praksis fører til urettmessige utbetalingar av tilskot. Kommunen må etablere rutinar for å sikre at krav tilknytt Lysefjordtillegget blir følgt opp.

Avvik:

På bakgrunn av vurderingane har vi følgjande avvik:

- Avvik 2: Det er løyvd tilskot i RMP til føretak som ligg utanfor området definert av Fylkesmannen.

### **Produksjonstilskot i jordbruket**

#### Kommunen sin praksis

Kommunen har begynt å laga ei skriftleg rutinebeskriving av korleis kommunen skal behandle PT-søknadene. Denne er tenkt brukt som ei huskeliste. Denne rutinebeskrivinga er ikkje ferdig ennå.

Kommunen skriv ut alle søknadene og får dei stempla. Dei sjekkar alle søknader ved å sjå på dyretal, underskrift og samanliknar mot tidlegare søknader. Kommune sjekkar alle feil- og varselmeldingar. Dei tek kontakt med søkjaren i dei tilfella der det er feil- og varselmeldingar. Noterer ned alt som er sjekka og kontrollert.

Kommunen ringer til søkjaren for å få stadfesta om opplysningane er rette. Fører opp kommentarar i merknadsfeltet i WESPA. Ved behov tek kommunen ein kontroll, og så langt har det ikkje vore tilfelle der nokon har ført opp for mange dyr. Kommunen rettar aldri dyretal eller areal utan å kontakte søkjaren. Ved tvil blir dyretal og areal kontrollert. Har hatt eit tilfelle der søkjaren ikkje har akseptert arealmåling. Dette tilfellet er ikkje avklart enno.

Kommunen sjekkar om søkjar er MVA-registrert. Dersom dei ikkje er MVA-registrert, må dei dokumentere at omsetnaden er over 20.000 kroner.

Når det gjeld krav til omsetnad viste FM til ei sak der kommunen har kryssa ja for at omsetnaden er over 20.000 kr, men der omsetnaden likevel ikkje var over minstekravet. Frå søknadsomgangen august 2013 har kommunen retta opp dette.

FM viste vidare til ein sak der lama var ført som hjort i søknaden. Det er kommunen som har ført dette som hjort, og det er ein feil frå kommunen si side. Kommunen har teke fatt i dette og dyretalet er ført korrekt frå søknadsomgangen pr. januar 2014.

Kommunen har rutine for å sjekke sal av fôr hos føretak som startar opp eller utvidar produksjonen av grovfôr for sal. Kommunen krev dokumentasjon. Fôr skal ikkje seljast med tap, men dette har kommunen ikkje sjekka. Sal av fôr frå medlemmer i samdrift til samdrifta blir kontrollert.

#### Fylkesmannen si vurdering

Når deg gjeld retting og endring av søknadsopplysningar, er det bra at kommunen har rutinar for å nytte merknadsfeltet i WESPA. FM vil likevel oppmoda kommunen til å vere merksam på at det å rette søknader kan kamuflere bevisst feilføring frå søkjaren si side.

Når deg gjeld føring av dyr i feil dyrekode (lama ført som hjort), er dette ein feil som kommunen har gjort. Sidan kommunen allereie har endra praksis, har FM kome til at vi ikkje fører dette som eit avvik.

Kommunen har i eit tilfelle feilaktig kryssa av i søknadsskjemaet at omsetnaden er over 20.000 kr, men der omsetnaden likevel ikkje var over minstekravet. Dette er ikkje i tråd med regelverket. Sidan kommunen allereie har endra praksis, har FM kome til at vi ikkje fører dette som eit avvik.

Kommunen skal sjekke dokumentasjon på sal av fôr hos føretak som startar opp eller utvidar produksjonen av grovfôr for sal. Det er viktig at kommunen følgjer opp og krev dokumentasjon. Kommunen har kontrollert dei sakene der medlem i samdrift har selt fôr til samdrifta.

#### Fylkesmannen fann ingen avvik ved kommunen si noverande praksis.

Fylkesmannen har ikkje nokon merknader til kommunen si noverande praksis.

### **6.4. Tema 3 – Risikovurderingar ved føretakskontroll**

#### Om regelverket:

Kommunen skal plukke ut minst 5 % av føretaka som har søkt om produksjonstilskot til stadleg kontroll. Utplukka skal vere risikobasert, jf. kapittel 5 i rundskriv 13/1-2 frå SLF. Det vil seie at kommunen må vurdere kor sannsynleg det er at føretak kan få utbetalt tilskot dei ikkje har rett på, og moglege konsekvensar av slike feilutbetalingar. Her er det viktig at kommunen gjer gode vurderingar i forkant av kontrollen. Kommunen må bruke den lokalkjennskapen dei har og erfaringar frå tidlegare søknadsomgangar.

### Kommunen sin praksis

FM bad kommunen gjere greie for korleis føretak blei trekt ut for kontroll. Kommunen har skriftleg rutinebeskriving av korleis uttrekket blir gjort og kva risikovurdering som ligg bak utplukket. Ved søknadsomgangen januar 2014 var det såkalla «hobby-bønder» som har full jobb utanom bruket som blei plukka ut for kontroll. Bakgrunnen for å plukke ut desse var for å sjå korleis dei driv og at dei veit av erfaring at desse ofte ikkje følgjer opp miljøkrav. Ved søknadsomgangen august 2013 var det mellom anna to store føretak og eit veldig lite føretak som blei plukka ut.

Det er særleg på miljøplan det blir funne feil og manglar ved kontroll. Kommunen vurderer også at det er størst fare for feilutbetalingar på areal og leigeareal. I eit tilfelle er det søkt om større areal enn det som står i landbruksregisteret. Dette skulle ikkje vere mogleg, og FM må sjekke opp dette.

### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har på plass skriftlege rutinar for utplukk av føretak til stadleg kontroll inkl. rutinar for risikovurdering.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ikkje nokon merknader.

## **6.5. Tema 4 - Driftsfellesskap**

### Om regelverket

Kommunen har ansvar for å kontrollere om det er så nært samarbeid mellom føretak at det fører til driftsfellesskap, jf. § 4 i PT-forskrifta. Spesielt er det viktig med slik kontroll i tilfelle der fleire føretak på same landbrukseigedom søker produksjonstilskot. Risikoen for store feilutbetalingar er høg dersom det ligg føre driftsfellesskap mellom to føretak som søker om produksjonstilskot. Det er derfor viktig at kommunen fører gode kontrollar med denne delen av regelverket.

### Kommunen sin praksis

Kommunen har vurdert mogleg driftsfellesskap i ein konkret sak. Det var mistanke om flytting av dyr mellom bruk. Kommunen konkluderte med at det ikkje var driftsfellesskap, men ser at kontrollen kanskje ikkje var grundig nok. Det blei opplyst at kommunen ønskjer å plukke ut denne for ein ny kontroll. Kommunen har ikkje laga ein skriftleg vurdering i denne saka.

Kommunen vil plukke ut fleire føretak til kontroll for å vurdere mogleg driftsfellesskap. Det er då særleg aktuelt å sjå på føretak der det er nære familiemedlemar som t.d. far/son eller far/dotter.

### Fylkesmannen si vurdering

FM anbefalar at det blir laga ein skriftleg vurdering i dei sakene der kommunen vurderer om det er driftsfellesskap. Denne vurderinga bør arkiverast i saka. Kommunen kan då i ettertid dokumentere dei vurderingane som er gjort.

### Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- Merknad 1: Kommunen har ikkje utarbeidd skriftlege vurderingar i dei sakene der det er vurdert mogleg driftsfellesskap.

## **6.6. Tema 5 – Beitetilskot**

### Om regleverket

Kommunen skal sjå til at føretak som søker om beitetilskot oppfyller krava til beiting, jf. teknisk jordbruksavtale for 2012-2013, punkt 7.5. Det betyr at føretak som har dyr på beite skal oppfylle gitte krav om minimum tal veker beiting og at beiting skjer med tilfredstillande beitemoglegheiter. Det er krav om at minst 50 % av det daglege grovfôropptaket skal skje ved beiting.

### Kommunen sin praksis

Kommunen har siste året ikkje rekna på og vurdert areal og tal dyr ført opp på beite, dvs. dei har ikkje rekna på om det er sannsynleg at føretaka kan ha hatt så mange dyr på beite som oppfyller kravet til grovfôropptak. Bakgrunnen for at dei ikkje har rekna på dette siste året er at det er rekna på dette tidlegare og det blir rekna på dersom det er endringar som t.d. auke i dyretalet eller dersom nokon leiger bort areal. I Forsand er det overflod av beiteareal i forhold til tal beitedyr i kommunen.

### Fylkesmannen si vurdering

Før kommunen godkjenner tal dyr som er ført på beite, bør det gjerast ei vurdering av tilgjengeleg beiteareal i høve til dyretalet. I jordbruksavtalen er det brukt formuleringa «hoveddelen av det daglige grovfôrintaket til dyret skjer ved beiting av utmark eller innmark med tilfredsstillende beitemuligheter». I praksis betyr det at minst halvparten av føret må kome frå beite. Rutinane i kommunen med å rekne på det ved endringar i dyretal og/eller areal er tilfredsstillande. Vi føreset då at kommunen har rekna på at dei aktuelle føretaka før endringa har nok beiteareal til at hovuddelen av daglege grovfôropptaket kan skje ved beiting. Det er og viktig at kommunen ved stadleg kontroll ber om beiter registreringar som kan dokumentere at dyra har vore mange nok veker på beite. I dei tilfella der mjølkekyr blir ført på utmarksbeite bør kommunen vere særleg merksam.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ikkje nokon merknader.

## **6.7. Tema 6 – Reaksjonar ved avvik**

### Om regelverket:

Kommunen har ansvar for å vurdere avkorting i tilfelle der det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot eller ved regelverksbrot, jf. §§ 12 og 13 i PT-forskrifta. Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville ført til at føretaket fekk utbetalt meir tilskot enn det har rett på, jf. rundskriv 13/1-2 frå SLF, kap. 9.5. Ei god oppfølging frå kommunen si side her er viktig for å gjere søkjaren meir aktsam og for å førebyggje feilutbetalingar og regelverksbrot. Kommunen skal vurdere avkorting i alle saker

der føretak har gitt feilopplysningar som kunne ført til urett meirutbetaling av tilskot jf. pkt. 9.5.3 i rundskriv 13/1-2. Vurderingane skal sendast i brev til søkjar med kopi til FM, jf. pkt. 9.5.2 i rundskriv 13/1-2.

#### Kommunen sin praksis

FM bad kommunen gjere greie for korleis dei handterer søknader der det er avvik mellom søknadsdata og kontrolldata. Kommunen opplyste at dei ikkje har hatt slike tilfelle. Kommunen har hatt saker der det er avvik på areal og miljøplan. Då har dei teke kontakt med søkjar og skiv førehandsvarsel.

#### Fylkesmannen si vurdering

FM viste til ein sak der det er søkt om utegangarsau i fleire år og så søkt om vanleg sau 01.01.2013. Dette blei oppdaga av kommunen ved kontroll og korrigert. Kommunen har ikkje vurdert avkorting i dette tilfellet. I eit anna tilfelle har kommunen strøket 93 sauer og 13 lam frå søknaden. Kommunen kan ikkje gjere greie for kvifor desse dyra er strøket. Det er ikkje vurdert avkorting i denne saka.

Kommunen skal, jf. rundskriv 13/1-2 punkt 9.5.3, vurdere avkorting i alle saker der det er gitt feilopplysningar som kunne ført til urett utbetaling av tilskot. Dei sakene FM viste til går tilbake til søknadsomgangen 01.01.2013. Kommunen er merksam på problemstillinga no, og følgjer no opp saker der det er avvik. Dei har mellom anna skrive førehandsvarsel i saker der det har vore avvik på areal og miljøplan. FM gjer merksam på at det skal gjerast skriftleg vurdering i desse sakene.

Fylkesmannen fann ingen avvik ved kommunen si noverande praksis.

Fylkesmannen har ikkje nokon merknader til kommunen si noverande praksis.

## **6.8. Generelt**

Kommunen har i seinare tid hatt skifte av personale som har ansvar for landbruksforvaltninga. Under kontrollen blei det avdekka ein del feil som er skjedd tilbake i tid. Kommunen har allereie teke fatt i dette og har endra rutinar. FM forventar ikkje at kommunen går tilbake og gjer om gamle saker der det er utbetalt feilaktig tilskot. FM føreset då at kommunen no har etablert ein saksbehandlingspraksis i tråd med gjeldande regelverk.

## **7. Oppfølging etter kontrollen**

Forsand kommune må innan 31. mai 2015 gjere greie for kva tiltak som er sett i verk for å rette opp registrerte avvik. Dersom avvik ikkje er retta opp på dette tidspunkt, skal utgreiinga innehalde ein tidfesta plan for korleis avvik skal rettast opp. I tillegg er det ønskeleg å få tilbakemelding på kva planar kommunen har for forbetringar på dei områda som det blir synt til i merknadane.